

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Søknad om landbruksveg - Dale gnr 214 bnr 4 - Kvinnherad kommune - Fråsegn om kulturminne

Viser til brev av 06.01.2021 med søknad om bygging av landbruksveg i Dalavika på gnr. 214, bnr. 4 på Borgundøy i Kvinnherad kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I fylgje våre arkiv vil det omsøkte tiltaket kome i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, eit busetnads- og aktivitetslag med det som mest truleg er ei stor nausttuft, id. 112086, datert til overgangen mellom merovingartid og vikingtid, jf. vedlagt kart. Kulturminnet med sikringsone er og vist på kartet som er vedlagt søknaden. Det går i dag ein enkel traktorveg ned langs sørsida av kulturminnet i ytterkant av sikringsona. Denne traktorvegen kan fortsatt brukast slik den ligg, men den skal ikkje oppgraderast.

Vi oppmodar søkar om å finne alternativ plassering av landbruksvegen. Kommunen må gjere tiltakshavar merksam på at det aktuelle området har stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast markundersøkingar for oppfylling av undersøkingsplikta jf. § 9 i Kulturminneloven.

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv rår i frå at det vert gjeve løyve til bygging av landbruksveg på Dale gnr. 214, bnr. 4 i Kvinnherad kommune. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiarLars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Kartutsnitt frå Askeladden med kulturminnet markert